



Kunnskapsdepartementet - KD

Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

Vår referanse: 21/00242-2  
Arkivkode: A70  
Saksbehandler: Thomas Volden Åse,  
Deres referanse: 21/300  
Dato: 11.02.2021

## Høyringsvar – Forskrift om mellombelse reglar for utdanningsstøtte som følgje av forsøksordning med stipend for fagarbeidarar

Me viser til Kunnskapsdepartementet sitt høyringsnotat, datert 15. januar, om mellombelse reglar for utdanningsstøtte som følgje av forsøksordning med stipend for fagarbeidarar. I forslaget fremjar departementet ei eiga, mellombels forskrift framfor å ta reglane inn i den ordinære forskrifta om utdanningsstøtte.

KS støttar initiativet om ei forsøksordning med stipend for fagarbeidarar. Det er godt dokumentert at personar som har vidaregåande opplæring som høgaste fullførte utdanning i liten grad deltar i vidareutdanningsaktivitetar. Statistikken viser òg at fagarbeidarar går relativ tidleg ut av arbeidslivet, samanlikna med personar med annan utdanningsbakgrunn. Etter vårt syn vil ei insentivordning retta mot fagarbeidarar høgst truleg kunna bidra til investeringar i kompetanse som elles ikkje ville ha blitt gjennomførte.

KS har i fleire høyringsrundar dei siste åra presisert behovet for finansieringsmodellar som gjer vidareutdanningstilbod meir tilgjengelege for vaksne. For å lukkast med tiltak som fordeler ansvaret for kompetanseinvesteringar mellom individ, arbeidsliv og samfunn har me òg peika på behovet for at låneordningar vert tilpassa vaksne.

Per dags dato finst det for lite kunnskap om korleis kostnader verkar som barrierar for investering i kompetanse, både for individ og verksemder. Det er derfor svært positivt at departementet no, gjennom eit randomisert kontrollert forsøk, søkjer kunnskap om korleis økonomiske insentiv kan påverka deltaking i vidareutdanning, og om det har betyding for tilknytninga til arbeidsmarknaden.

### Kommentarar til forslaget

Ifølgje høyringsnotatet skal ordninga omfatta utvalde fagarbeidarar i alderen 30–57 år, som både er og ikkje er i jobb, og som fyller andre vilkår for rett til lån og stipend frå Lånekassa etter forskrift om utdanningsstøtte. KS ser at det er gode argumentet for å vurdere om den nedre aldersgrensa bør setjast til 25 år.

I notatet har forskrifta følgjande namn: «Forskrift om midlertidige reglar for utdanningsstøtte som følge av forsøksordning med stipend til fagarbeidere». Sidan forsøket gjeld eit lån som kan gjerast om til stipend, ber me departementet vurdere om namnet er misvisande. Sidan yrkesfaglege utdanningar er kjenneteikna av eit høgt fråfallsnivå, både for ungdom og for vaksne, kan dette potensielt ha ei stor betyding for mange.

Høyringsnotatet definerer ikkje storleiken på tillegglånet. Det er ikkje er kjent kor store tilskot som er naudsynt for å stimulera individ til å delta i læring. KS ønskjer å understreka at tillegglånet må ha ein storleik som gjer at det vil fungera som et reelt insentiv for fagarbeidaren.

I §3 står det vidare at heile lånet vil bli gjort om til utdanningsstipend etter same vilkår som for omgjerung av basislån etter forskrift om utdanningsstøtte, kapittel 11. Her bør det koma tydlegare fram at moglegheita for å få heile lånet gjort om til stipend kun gjeld for tillegglånet, og at ordinære lån (som basislån) vil bli gjort om til utdanningsstipend etter gjeldande forskrift om utdanningsstøtte. Vidare anbefaler me at vilkåra frå høyringsnotatet blir presiserte: «100 prosent av lånet vil bli gjort om til utdanningsstipend dersom fagarbeidaren består heile utdanninga. Dersom fagarbeidaren består halvparten av utdanninga, vil 50 prosent av lånet bli gjort om til utdanningsstipend.».

Tor Arne Gangsø  
områdedirektør

Marit Roxrud Leinhardt  
avdelingsdirektør